



## Furuhogane til Sandegga

6 km

Tur nr. 8

[www.harpefossen.no/turar](http://www.harpefossen.no/turar)



5 t (t/r)

**Sandegga 1.272 moh. (Klakken)** er ein av dei høgste fjelltoppane i området, men likevel lett tilgjengeleg med relativt slak oppstigning og ikkje noko form for klatring. Utsikta er spektakulær med utsyn mot fjordane, havet, Sunnmørsalpane og breane, over mot den nærmaste fjelltoppen Felden og rett ned i Lauvdalen.

### Stikryss

*Furuhogane - Kjenndalsvatnet sør – Kjenndalshytta - Kjenndalsskaret – Steinegga – Sandegga / Klakken*

### Turbeskriving

Turen starter i overkant av skoggrensa på Furuhogane (toppen av hyttefeltet) og det er parkering langs vegen fram mot servicebygget for Kjenndalsheisen. Stien opp i Kjenndalen går langs Kjenndalselva opp til Kjenndalsvatnet (805 moh) (1,5 km) og i elva er det mange flotte badekular. Ved Kjenndalsvatnet fylger ein merkinga rett forbi steinhytta (Kjenndalshytta) kor ein tek til høgre opp lia i skiltkrysset (600 m). Når ein kjem til toppen av Kjenndalsskaret (700 m) so fylger ein rett fram gjennom skaret og flatt framover dalbotnen mot Ljosurvatnet. Løypa er merka på vestsida av vatnet slakt opp mot Steinegga (1097 moh). På vegen fram mot Steinegga (2,2 km) ser ein Bjørkedalen nede mot høgre med den karakteristiske Lisjetoren (1164 moh) i forgrunnen. På baksida av Steinegga stupar det bratt ned mot Blåfjellvatnet og Trevassdalen, og vidare mot Steinsvika innerst i Dalsfjorden. Frå Steinegga går løypa 500 m ned mot foten av Sandegga før oppstigninga byrjar; brattast nedst og slakare etter kvart som ein nærmar seg toppen (1,2 km). På veg innover platået inn mot toppen er det luftig utsikt ned mot Laurdalen og frå toppen kan ein sjå rett bort på Felden som ikkje bør bestigast frå denne sida utan sikringsutstyr.

Turen passer for alle (heile familien) som er i rimeleg god form og med skikkelege fjellsko.

